

Jostedal Historielag – Årsmelding for 2017.

Årsmøtet vart halde den 5. mars, 2017, kl. 19. på Jostedal Hotell.

Saksliste:

1. Velkomst / møteinnkalling
2. Val av møteleiar
3. Val av skrivar
4. Årsmelding for 2016 v/ leiar
5. Årsrekneskap for 2016 v/ kasserar
6. Val til styre, til tilsyn med husi og til ymse andre nemnd
7. Val av valnemnd og reviso
8. Medlemskontingent - medlemmer
9. Arbeidsplan / Budget for 2017
10. Andre saker

Etter sjølve årsmøtet var det orientering om datalagring og om gamle bileter frå Jostedalen.

Sak 1.,2 og 3.

Leiar (Olav Stølen) yngste velkommen til årsmøtet og vart deretter vald som møteleiar. Oddmund Løkensgard Hoel vald som skrivar.

Sak 4. Årsmelding.

Leiar la fram og utgreidde om årsmeldinga for 2016. Det vart diskutert rundt meldinga som deretter var godkjend. Årsmeldinga er seinare sendt ut til alle medlemmer i Laget.

Aktivitetar i 2017.

Fossabruai og den gamle ferdavegen Døsen – Vigdal – Ormbergstøl – Viva. Dette tiltak har kravd ein stor innsats frå JH i 2017. Men arbeidet har bore frukt, for i samarbeid med Luster turlag har JH fått «spelemidlar» og støtte frå Luster Kommune på over 200.000, kr. Ein del av desse midlar har gått til å avvikle gjeld på Fossabruai – som nå står og nikkar skuldfri! Resten av midlane vil dekke tiltak på stien som me ikkje kan klare med dugnadsarbeid. Det gjeld mellom anna utbetring som krev fagfolk og til arbeid med tavler og skilting.

Stadnamns prosjektet. Det er stadig ein del manglar med omsyn til kartfesting og innlæsing av namn. JH koordinerer arbeidt med Fylkesarkivet, som til nå har digitalisert 17.381 namn, som nå er å finne på nettet.

Stadnamna finn du på: <http://www.fylkesarkiv.no>. Kniper det med å orientere seg på nettet, kan ein ringe til Randi Melvær /Fylkesarkivet for hjelp

Vedlikehald av Berget, Skulehust og kvern. Det var planlagt å legge ny bordkledning på brystveggen på stova i Berget, i sommar, og Jh fekk støtte frå Kommunen på 8.000,-. På grunn av mangel på snekkar fekk me ikkje gjort arbeidet. Elles vanlig tilsyn med husi.

Kulturhistorisk tur. Den 5. september arrangerte JH tur i Mjølvregrendi. Med Solveig og Sverre Tvedt som kjentfolk gjekk turen frå Kverni på Nigardsgrandane – Bjørkehaug – Mjølver -- Nordheim – Pikkhaug og til Kverni att. Ein flott tur, i lite ruske ver, med svært positive deltakarar.

Rydding av sti. Den 14. juni var det dugnadsarbeid med ryddig/utbetring på stien Elvekrok – Espe. Manskpet delte seg og starta frå kar sin ende. Ved møte ca. midtveges var det kvile og triveleg kaffipause.

Andre aktivitetar. Jh prøver mellom anna å hjelpe folk som røkjer etter slekt i Jostedalen eller som ynskjer å vitje dalen.

Stønad i 2017. Laget har fått stønad frå Luster Sparebank (kr. 20.000) og frå Luster Kommune/Spelemlidar (ca. kr. 200 .000).

Sak 5. Årsrekneskap.

Aud Fossøy la fram og gjennomgikk rekneskapet for 2016. Årsreneskapet vart godkjent utan merknad.

Sak 6. Val til styre, til tilsyn med husi og til ymse andre nemnder .

Kristen Ormberg, frå valnemndi, la fram forslag til styre: Oddmund Løkensgard attval for 2 år. Aud Fossøy ynskte ikkje attval og Gunnar Ruud vart vald for 2 år. Olav Stølen, Einar Blikra og Arne Aasen Hauge var ikkje på val. Olav Stølen vald i eit år som leiar. Vara til styre: Attval av Frode Svori og Kari Grov for 1 år.

Styret og nemnder etter val i 2017:

Leiar: Olav Stølen

Kasserar: Gunnar Ruud

Sekretær: Oddmund L. Hoel

Styremedlem: Arne Aasen Hauge

Styremedlem: Einar Blikra

Vara medlemer: Frode Svori og Kari Grov

Tilsyn med Berget: Arne Aasen Hauge (leiar), Einar Blikra, Geir Vidar Tuften og Kari Grov.

Tilsyn med Kverni: Arne Aasen Hauge, Olav Stølen og Kåre Reidar Aasen.

Tilsyn med Skulehuset: Lise Aasen og Åne Elgersma.

Arrangementskomité: Arne Aasen Hauge, Marit Elvekrok, Mary Aasen og Asbjørg Ormberg.

Boknemnd: Oddmund Hoel, Olav Stølen og Kristen Ormberg.

Vegnemnder. Stien /gangevegen Døsen – Viva er gamal, men over mange år med lite vedlikehald er det nå eit stort arbeid med å rydde og setje i stand att stien. Det er også svært viktig, framover, med årleg vedlikehald. JH meiner det er klokt å dele stien «grendervis» og Valnemndi V/ Kristen Ormberg hadde tala med personar som er viljuge til å gå inn og ta ansvar for dette arbeid. Fyljande vart valde:

Vigdal – Fossabrui: Bjørn Ove Leirdal og Kristen Ormberg.

Fossabrui – Sperla: Sverre Fossen og Per Fossøy.

Sperla – Prestegarden: John Geir Sperle og Anne Elgersma.
Espe – Elvekrok: Lars Erik Espe og Arvid Elvekrok.
Mjølvvergrendi – Nordheim: Sverre Tvedt og Alv Nordheim.

Sak 7. Val av valnemnd og revisor.

Kristen Ormberg og Åne Elgersma vart attvalde til valnemnda, Aud Fossøy vald som revisor.

Sak 8. Medlemskontingent.

Det var einigheit om å halde medlemskontingenten på 150 kr. Dersom Kommunen aukar kontingenten i løpet av året må JH følgje med.

Sak 9. Arbeidsplan, aktivitetar og budsjett for 2017.

Leiar la fram planar for planlagt arbeid/aktivitetar og om midlar til desse..

10. Andre saker. Einar Blikra orienterte om sal av Kulturhistorisk årbok nr. 7, og om dei andre bøker.

Årsmøtet vart avslutta med kaffi og kveldsmat, og så fortalde Edvin Brun om Bluefjords A/S, Bluecloud A/S og om lagring av bileter og data. Deretter viste- og fortalde Oddmund Løkensgard Hoel om gamle personbileter frå Jostedalen.

Eigen nettstad. Heimesida til Jostedal Historielag (Oddmund L. Hoel er redaktør) finn ein på:
<http://www.historielaget.jostedal.no>

Jostedal Historielag den 15. mars 2018.

Styret v/leiar.